

Kyrkjebladet

for Bremanger 2025 nr.2

Årg. 101

*God Jul og
Godt nyttår!*

EI JULEBØN FRÅ BISKOPEN

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: "Kjære Jesus".

Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus.

Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida:

Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: Kjære Jesus!

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

*Kjære Jesus, det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko,
skal liv bryte fram.
Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.
Amen.*

Av biskop Ragnhild Jepsen



Biskop Ragnhild Jepsen.
Foto: Bjørgvin Bispedømme

HELSING FRÅ ORDFØRAREN

Når vi nærmar oss jul, vender mange tankane mot håp, fred og fellesskap. Samtidig lever vi i ei verd prega av uro og konflikt. Krigen i Ukraina og den menneskelege tragedien i Gaza minner oss om kor sårbar freden er – og kor viktig det er å halde fast på håpet.

Håpet om at rettferd og forsoning ein dag skal få vinne over hat og vald. I ei mørk verd treng vi lysa som skin, både dei vi tenner på bordet – og dei vi ber i hjarta.

Her heime i Bremanger kommune har vi òg mykje å vere stolte av. Gjennom målretta arbeid og godt samarbeid har vi oppnådd viktige resultat – ikkje minst med rekrutteringspakken som har gitt ny optimisme og bidrege til folketalsvekst. Det er gledeleg å sjå fleire som vel å slå seg ned her, og som vil vere med på å skape framtida vår.

Eg vil rette ei særleg takk til alle frivillige lag, foreiningar og eldsjeler som kvar dag gjer Bremanger til ein god stad å bu og vekse opp.

De gjer ein uvurderleg innsats for fellesskapet – for born, unge, eldre og alle som treng eit inkluderande miljø. Utan dykk hadde vi ikkje klart å levere så gode tenester eller skape eit så rikt lokalsamfunn.

La oss derfor ta vare på kvarandre, og la julebodskapen minne oss om at små handlingar av godleik og omsorg betyr mykje.



Med ynskje om ei fredeleg og god jul – og eit nytt år fylt med håp, fellesskap og varme.

Anne Kristin Førde
Ordførar





Lysmesse i Davik kyrkje 14.desember 2024



Konfirmasjon i Davik pinsedag 8.juni 2025:
frå venstre Håkon Aardalsbakke, Christoffer Lien, Tidemann Hamre. Bak frå v.: Sara Sunde Sigdestad, Vilja Hatlenes, Birthe Bakke Myrvang og sokneprest Stein Oltedal.

FELLESGUDSTENESTE I BREMANGER KYRKJE 14.SEPTEMBER 2025



Bremanger barnekor på fellesgudstenesta.



Ny kyrkjelydspedagog Elisabet Voll Ådnøy blei ønska velkomen



Støtt kyrkjebladet!
Vipps 696974



Kyrkjekaffe på bedehuset.

«OG DET SKJEDDE, I DAVIK»

Mektige asketre

Skulevegen var spesiell. Diameteren på aske- og eikestammene i Claus Frimann sin alle imponerte. Folk kom til Davik og klappa grov bork på treleggen: «For eit tre! Dette har sett generasjonane skifte i bygda.» Lett å sjå at her var mannsaldrar sidan plantane feste røter. Mellom desse store trea gjekk eg dagleg til skulen, 3-400 meter vestover. Måltrastene kappsong frå full hals og knopp-ane brast i toppane. Medan ein ny vår senka lys og varme over fjell, grønne bøyar og Furehovden. Trestammene stod trauste og fortalde historie om vegen som bukta seg gjennom bygda. Innom Nybø, over Frimann-slund, langs kyrkjegarden, forbi Garden og ned Banehojen, over Gamlebrua. Vegen for folk i Gudsteneste-ærend. På same tid var fyrste stubben også min skuleveg. Verdens finaste og mest spesielle skuleveg, kunne eg seie.

Personlegdomar

Med eit tidsperspektiv på 50 år vert minna sin spunne spindelveg vage og forvitra.

Detaljane vert uklåre og usikre. Andleta er likevel bevarte i mi forestillingsverd. Dei som var gamle då familien vår flytte til Davik i 1974 stig fram med skjegg, rukker og mimikk. Karane i bygda var personlegdomar i dongerikle og fjøslukt Dei brøydde møk og tok inn turrhøy. Gjekk til fjells og såg etter krøter, og livet sette klåre spor. Eg såg og visste kven eg hadde føre meg.

Desember kom med kvit atmosfære av forventning.

Saman med borna våre fekk kreativiteten utfolde seg frodig med glanspapir og vatt og lim. Ja, særleg borna hadde ei god tid for å byggje opp ein fargerik atmosfære før julekvelden vart eit faktum.

Solveig, mor i stova, ville skape trivsel i heimar utan born som pryda stova med sin fantasi.

Kappa skiver av bjørkestokkar vart dekorerte med bork, bar og andre naturprodukt. I midten eit stearinlys. Borna våre teikna kort med julefantasier, med namn og venlege helsingar, og sette det i baret. Og eg, merkverdig nok, fekk ansvaret for å fordele dekorasjonen til eldre eller einsame, i Davikbygda.

Med mine 32 år kjende eg dette var eit lite maskulint bidrag for å stemme opp julefeiringa. Rette fram ein pynta bjørkeskalk med kort, så seie: «god jul»!

Ro og varme

På mi ferd i bygda under lett snøfall i timane før klokken kima, kom eg til Frimannslund og banka på raubrun utedør. Katten vart uhygde ved synet av meg og det eg bar på. Han for avskræmd gjennom snødrivene, rett i holet på fjøsveggen.

Eva opna døra og bad meg inn i gangen, vidare inn i stova. Ho freista ikkje å skjule at eg var eit overaskande besøk. Med still og venleg forundring fann ho ein god og stoppa stol til meg, og bad meg sitje.

I stova sat dei fem på garden og ei eldre dame frå bygda. Med høvelege spørsmål om korleis eg som nyinnflytta lærar likte seg hos dei, vart eg inkludert i den folkelege røda i tømmerstova. Der det suste frå omnen, med bjørkekubbane, som vart fortært av blafrande flammar. Lydar som på sitt vis roa ned tida. Dagleglivets sysler og sjuke grannar, og influensa, fiskeriet på bukta, for det mest småseide.

Ordet

Takksemda var stor og ekte når dekorasjonen vart overlevert. At kona mi kunne finne på å unne folk ho lite kjende noko så fint, det var eit mirakel.

Med meg hadde eg også ein bibel. Eg opna den og leita fram til eit tekstavsnitt som kunne høve på ein heilag julekveld, før



Dette bildet er tatt på trappa utfor gangdøra på Frimannslund ein sommardag, og viser Eva og Martines Frimannslund, samt syster hans, Inga. Bildet er fra same tidsrom som historia handler om, 1970 åra. Martines skyssa Davikpresten med båten sin. Skipparhua var alltid på plass.

kyrkjeklokka kima inn freden. Å lese frå Guds Ord uoppfordra i ei framand stove, var slikt eg sjeldan gjorde.

Tanken på reaksjonen heldt att. Eg fekk lov. Så eg las ein kort tekst.

Etter 50 år er desse versa heilt fordufta, veit ikkje kvar det står i Bibelen. Men, eg las dei. Etterpå, litt snakk om det vi lytta til, om

Gud, liva våre på jorda. Og Jesus som vi særleg minnest julafta. Særleg hugsa eg orda frå den eldre kvinna frå Indredavik. Ho sat på ein stol ved glaset mot aust. Ho klarte ikkje å snakke. – *Gråten teke meg når eg skal seie noko, var alt ho fekk fram.*

Takksemd

Eg takka for at eg fekk komme inn stova og vere i lag med folket på garden ei kort stund. Like før det kima ei julaft. Takka for kaffien og kakene. Og dei som sat att i stova takka fordi eg kom på besøk. God jul lydde frå folket langs dei umåla tømmerveggane. «Hels kona di og sei takk for det fine ho har laga og gav til oss!»

Tydelgast i minnet står Kristen sine ord når han tok meg i handa. «Takk Kjell, for at du las frå Guds Ord for oss. Det var svært fint gjort av deg at du kom og gjorde dette. God Jul!»

Ute på trappa drog eg pusten. Så, det var slik dei tok mot ordet på Frimannslund.

Og gjennom 50 år har tanken streifa meg: - Skulle eg oftare ha våga å lese frå Ordet som skaper glede og nytt liv? Dele med menneskja det som ved livets ytterste grense er det einaste som har betydning?

Eg sjølv er i høg grad prega av Postmodernismen. Den påverker vår tankeverv og set spor også i meg. Kravet er at kvart individ skal finne si eiga sanning som grunn for livet. Livsgrunnlaget skaper eg sjølv, heilt fritt. Utan påverknad frå andre. Vår tids tale! Sidan eg vart 16 har eg likevel møtt folk som gjerne ville lytte til meg, med ope sinn.

Få høyre kven eg set mi lit til. Kvar vender eg meg når timeglasets for livet mitt renn ut?

Ja, menneskje i Davikbygda flimrar i mi minneverd. Dei har alle passert ei grense og kjem aldri att. Framleis kan dei likevel gje liv og farge til fjerne julekveldar.

Kjell Askeland

FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ MYKLEBUSTSETRA 15.JUNI



BREMANGER KYRKJE BENKAR UT - KAFEBORD INN

Soknerådsleiar Ivar Q. Hauge, korleis har det blitt, med bord bak i kyrkja og nokre benkar ut?

- Vi er veldig fornøgde med at vi har fått det til etter fleire år med planlegging og søknader. Og slik eg vurderer det, er dette blitt ei fin og god løysing. Det er fine og praktiske bord som lett kan flyttast på, dersom det er behov for det.

Det er blitt færre benkar bak i kyrkja, men noko av dette kan vi erstatte med stolar. Så får vi vurdere om vi må kjøpe inn nokre fleire stolar dersom behovet skulle tilseie det.

Borda har allereie vore nytta til kyrkje-kaffi, fleire gonger. Dei eg har snakka med, har vore godt fornøgde. Vi merkar det og på at folk blir gjerne sitjande og prate lenger tid enn før. Eg håpar og trur at dette kan bli til nytte og glede i mange år framover.



ELISABET ER I GONG SOM NY KYRKJELYDSPEDAGOG



Babysang i Svelgen kapell.

Barnekorprosjekt, babysang, konfirmentar, bokutdelingar og planarbeid - kyrkjelydspedagogen vår er godt i gong med jobben. Elisabet Voll Ådnøy starta i 50% stilling som kyrkjelydspedagog i Bremanger i midten av august. I sommar flytta ho med familien til Kalvåg, og Elisabet skal jobbe med barn og unge i heile kommunen.

«Det har vore ein god start, synest eg,» seier Elisabet. «No etter eit par månader i jobben har eg byrja å få ein oversikt over det som allereie skjer for barn og unge i regi av kyrkja og andre. Det er mykje godt engasjement i Bremanger, og eg har fått helse på mange flotte frivillige som eg gler meg til å samarbeide meir med framover. Eg er òg takksam for gode kolleger som det er kjekt å jobbe i lag med. Eg kjenner meg godt tatt imot!»

Saman med barne- og ungdomsutvalet, som består av representantar frå alle sokna våre og fra staben, har Elisabet no i oppstarten arbeidd med å forme ein heilskapleg plan for barn og unge i kyrkjene i Bremanger. Elisabet har mellom anna starta opp babysang i Svelgen kapell og på Hauge bedehus, og fortel at det skal fortsette til våren òg.

«Eg synest det er fint at kyrkja kan ha eit slikt tilbod til dei aller yngste og deira føresette. For fleire kan det bidra til ei sterkare tilknytning til kyrkja enn dei elles ville hatt. Når vi etter kvart inviterer til andre arrangement og gudstenester håper eg at mange blir med på det òg, og at vi saman kan arbeide for at kyrkja er ein god plass å vere for både store og små, gjennom heile livet.»

SIKRING AV GRAVMINNE.

I Noreg har det diverre vert særskild alvorlege ulykker som følgje av at gravminner har velta. Ein gravplass skal framstå med orden og verdigheit. Skeive eller velta gravminne er ikkje i tråd med dette.

Eit gravminne skal stå støtt og stabilt i mange år. Det skal tole vær, vind og andre belastningar det vert utsatt for. Gravplassforskriftas §§22-26 har føresegn om kvalitet, vekt og høgd, sikring og ansvar for eit gravminne. Ståande gravminne skal festes til steinfundament som flukter med bakken, to rustfrie boltar som er 15 cm lange med ein diameter på 12 mm.

Det er eigar av gravminne som er ansvarleg for at gravminne ikkje er til fare.

Når gravplassmyndigheita finner det naudsynt, vert eigar varsla med oppmoding om sikring av gravminne.

Gravplassmyndigheita kan gjere eigne tiltak, som å leggje ned gravminne eller fjerne det, jf. gravplassforskriftas § 26. Slike tiltak vert vurdert dersom eigar ikkje følgjer gravplassmyndigheitas oppmoding.

Krava til sikring av gravminne gjelder også dei som blei satt opp før dagens regelverk vart vedteke.

Gravplassmyndigheita ber alle som har gravminne om å sjekke at disse er sikra etter forskrifta.

Gravplassmyndigheita i Bremanger kommune er Bremanger kyrkjelege fellesråd.



Mvh
Bjarki Hrafnsson
kyrkjeverje



Ålfoten skjærtorsdag 2025.

ENDAL OG ASKELAND SØNDAGSSKULE



Vi, Solveig og Kjell Askeland, starta søndags-skulen for Endal og Askeland før jul i 2017. Vi held til i det 120 år gamle skulehuset, med nokre unntak, når vi samlast ute eller i heimen vår.

Vi begynte å kjenne oss litt åleine i den vesle bygda vår, bare 3 personar att på Askeland. Dei eldre døydde, og husa vart tome. Dei unge reiste vekk etterat dei var ferdige med ungdomsskulen. Situasjonen var den same i Endal, Fleire tome hus, og ingen barn som venta på skulebussen.

Då starta vi å be til vår Himmelske Far om at det skulle kome folk og busetje seg i dei tome husa. Etter nokre månader kom dei fyrste flyttande. Etterkvart kom i alt 5 familiar, med tilsaman 14 barn. Det var for oss eit sterkt bønnesvar. Då fekk vi ein klar tanke om å gjere noko for borna.



Vi trudde vi var ferdige med barne- og ungdomsarbeid, som vi dreiv mykje med før, frå vi var nygifte, til våre eigna barn var vaksne. No er vi pensjonistar og besteforeldre, til og med eit oldebarn har vi fått.

Vi handla på tanken om arbeid blant borna, og no har vi snart halde på i 8 år. Nokre av barna er ferdige med ungdomsskulen, og reist vekk. For tida er det 10 barn på søndags-skulen.

Borna starter når dei er 4 år, og går til dei er 16. Det er ei utfordring med stort alderssprang, så vi deler flokken med omsyn til alder, største gruppa i salen, dei andre på kjøkkenet. Dei eldste er medhjelparar, dei er ein viktig ressurs. Vi forsøker samlast kvar fjortande dag, frå september til juni, vi tilpasser til skuleferiane.

Vi kallar oss søndagsklubb to-tre gonger

årleg, i adventstida, og før påske.

Då har vi jule- og påskeverkstad, og songar og tekst er tilpassa desse høgtidene.

Til vanleg startar vi med ein lek eller konkurranse, born er begeistra for det. Vi syng, vi har enkel truvedkjenning, ein lærer dagens bibelord i lag, og vi fortel frå Bibelen. Den inneheld som kjent gode og sanne historier frå Gamle Testamentet, og eit viktig utval frå Jesu liv og virke. Sist i samlingane har vi litt å bite i, enten popcorn, boller, sveler eller liknande. For at alle skal få lære «Vår Far» så står vi i ring til slutt og ber den bøna i lag, før dei får med seg velsigninga.

Det går mykje tid til førebuing og gjennomføring av samlingene, men vi kjenner det er ei viktig investering i barna sine liv og deira framtid. Og det er kjekke barn å vere i lag med.



BLI MED PÅ BABYSANG!



Alle som er heime med baby er velkomne til babysang i Svelgen kapell og på Hauge bedehus.

Vi samlast og syng både kjende og nye songar, lærer rim og regler, spelar på instrument og beveger oss til musikken. Fokuset er på å gjere noko kjekt i lag – for babyen er stemma di det finaste i verda! Etter samlinga vert det servert kaffi og te. Ta med teppe eller matte som babyen kan ligge på. Det er kyrkjelydspedagog Elisabeth Voll Ådnøy som leier babysangen.

Datoar for babysangvåren 2026 finn du på Facebooksida vår «Kyrkjene i Bremanger» og på www.bremangerkyrkja.no.



3 og 4 årsbok Bremanger kyrkje 4.mai 2025

ASTRUP BILDA HENG NO I FRØYA KYRKJE



Dei to Astrup bilda heng no under galleriet i Frøya kyrkje. Bilda, Getsemane og selvportrettet, tresnittet vart gjeve i gåve til Frøya prestegard av Astrup-slekta då Salamon Olaus Steinhovden var sokneprest i Bremanger/ Frøya i 1945-1965. Eksakt dato for når bilda kom til prestegarden er ukjent.

På baksida av Getsemane-bildet er det skrive: «Gåve til Bremanger prestebustad der Nikolai Astrup blei fødd. Gjeve av Astrup-familien i Sandal, Jølster. S. Steinhovden».

Tresnittet er ikkje signert og datert. Mens Getsemane-bildet er signert – N Astrup, og dette bildet er heller ikkje datert.

Bilda hang i Frøya prestegard fram til 2015 då siste sokneprest flytta, og bustaden blei leigd ut. Eigar av prestegarden, Allstad (tidlegare Opplysningsvesenets fond) overtok dei, og Bremanger kyrkjelege fellesråd fekk dei i 2025. Frøya sokneråd fekk innvilga søknad frå bispedømmet om å henge dei i kyrkja.

Getsemane-bildet er frå 1926, mest å rekne som ei skisse malt på gråpapir og med falma og dårleg kvalitet, og langt unna kvaliteten slik vi ser i Astrupboka og i «Frøya kyrkje» Paul A Frøyen.

Iflg Øystein Loge i boka N Astrup «ble det malt i 1926 som forarbeid til en vevkartong for Ragna Breivik. Hun hadde et oppdrag for en vev til altertavle for Fana kirke. Altertavlen ble aldri utført.»

Tresnittet er «frå ca.1915-20» - Øystein Loge i N Astrup.

Nikolai Astrup vart fødd i Frøya prestegard i 1880, av foreldra Christian og Petra Constance, der faren var prest 1876-1883. Nikolai var 3 år gammal då familien flytta til Jølster og faren starta som prest med bustad på Ålhus. Jølster, som Nikolai Astrup seinare vart kjent for å hente motiv og inspirasjon frå. Kode i Bergen har i dag ei stor samling av Nikolai Astrup.

DRUKNING OG DÅPSKJOLE

Dette er historia om ein dåpskjole med ein dramatisk historie frå 1911. Det skulle vere barnedåp på Åkrane den hausten. Ei lita jente skulle døypast, og mor Ragna B Igland sydde dåpskjole. Mannen, Henrik Igland og far hans, Rasmus, skulle fiske til middagen. Det vart dårleg veir medan dei

var på sjøen. Båten deira kantra, og begge to omkom.

Dåpen vart utsett, men jenta vart seinare døypt i kjolen og fekk namnet Henrikka Rasmina Alvhilda Igland. Dåpskjolen tilhøyrer etterkommarane til Ragna B. Igland, eller ho Ragna på Åkrå, og er sydd i 1911.



Dåpskjolen frå Ragna på Åkre frå 1911, brukt i Bremanger kyrkje 20.juli 2025 av dåpsbarnet Olav Russenes Torvanger og til venstre far Tore Torvanger og mor Synnøve S Russenes. Jarle Grotle til høgre er også døypt i kjolen.

DÅPSKLUTAR FRÅ MADAGASKAR

Alle born som vert døypte i kyrkjene i Bremanger, får ein handlaga dåpsklut i gåve frå kyrkjelydane. Dåpsklutane er laga og brodert på Madagaskar, og inntekta av serviettane sikrar kvinner ein trygg arbeidsplass og mogelegheit til å forsørge familien sin.

Fanja Rambolamanana har drive sybutikk i Antsirabe i snart 30 år. I dag har rundt 40 kvinner frå nærområdet arbeid på «Broderie Fanja». Her syr dei blant anna kle, dukar og dåpsserviettar, og inntektene dei får dekkjer utgifter og skulegang til barna deira.

Gjennom innkjøp av dåpsserviettane, er kyrkjelydane i Bremanger med på å støtte denne arbeidsplassen.

Det er Det Norske Misjonsselskap (NMS) som driv sal og distribusjon i Noreg, og i 2023 vart det selt over 17.000 dåpsklutar.



Dåp i Rugsund kyrkje 26.oktober 2025 av Lukas Øyvindsson Leirgulen, med foreldra Hrafnhildur Eva Olafsdóttir og Øyvind Leirgulen



Dåp i Davik kyrkje 24.august 2025. Markus Nybø Bakke og Amalie Heggen med dåpsbarnet Gustav Heggen Bakke

HAUSTAKKEFEST



Hausttakkefest Ålfoten 2025



Berle Hausttakkefest 2025.



6 årsbok Helt førsteklasses Berle 2025.



Hausttakkefest Svelgen 2025.

GÅR DU I 3. ELLER 4. KLASSE? DÅ KAN DU VERE MED OG BLI TÅRNAGENT



Søndag 1. mars inviterer vi alle 3. og 4. klassingar frå heile Bremanger kommune til Tårnagentsamling i Svelgen kapell. Vi skal løyse mysterier, gå på skattejakt og vi får mange spanande oppdrag! Samlinga avsluttast med ei ekte Tårnagentgudsteneste der alle du kjenner er velkomne til å vere med. Invitasjon

sendast til alle i medlemsregisteret til kyrkja, men arrangementet er sjølvstøtt ope for alle som vil komme. Hold av datoen allereie no og gjer deg klar for Tårnagentdag!

Agenthelsing frå Spesialagent Britt og Spesialagent Elisabet

KARNEVALSGUDSTENESTE

Karnevalsgudsteneste

Søndag 8. februar kl. 11 feirar vi karnevalsgudsteneste i Bremanger kyrkje. Born og vaksne frå heile Bremanger kommune er velkomne til å vere med. Det vert song frå barnekoret, Måndagsklubben deltek, og etter gudstenesta vert det kyrkje-kaffi med boller, ansiktmaling og pinjata.

Bli med!



VELKOMEN TIL KYRKJE

BERLE KYRKJE

24.12.25	15.00	GUDSTENESTE JULAFTA.
04.01.26	14.00	GUDSTENESTE. VI SYNGER JULA UT.
22.02.26	11.00	GUDSTENESTE. ÅRSMØTE.
29.03.26	11.00	GUDSTENESTE PALMESØNDAG.
05.04.26	14.00	GUDSTENESTE 1. PÅSKEDAG.
24.05.26	14.00	GUDSTENESTE 1. PINSEDAG.

BREMANGER KYRKJE:

07.12.25	11.00	LYSMESSE MED KONFIRMANTANE.
24.12.25	13.30	GUDSTENESTE JULAFTA.
28.12.25	11.00	GUDSTENESTE.
18.01.26	11.00	GUDSTENESTE.
08.02.26	11.00	KARNEVALSGUDSTENESTE MED BARNEKORET, MED UTDELING AV 11-ÅRSBIBEL.
08.03.26	11.00	GUDSTENESTE. ÅRSMØTE.
03.04.26	11.00	GUDSTENESTE LANGFREDAG.
06.04.26	11.00	GUDSTENESTE 2. PÅSKEDAG. KAMMERKORET.
26.04.26	11.00	GUDSTENESTE MED UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL.
09.05.26	12.00	KONFIRMASJON.
25.05.26	11.00	GUDSTENESTE 2. PINSEDAG.
21.06.26	11.00	GUDSTENESTE.

FRØYA KYRKJE:

07.12.25	17.00	LYSMESSE MED KONFIRMANTAR.
24.12.25	12.00	GUDSTENESTE JULAFTA.
04.01.26	11.00	GUDSTENESTE. VI SYNGER JULA UT.
01.02.26	11.00	GUDSTENESTE MED UTDELING AV 11-ÅRSBIBEL.
01.03.26	11.00	GUDSTENESTE. ÅRSMØTE.
02.04.26	18.00	GUDSTENESTE SKJÆRTORS DAG.
05.04.26	11.00	GUDSTENESTE 1. PÅSKEDAG MED UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL. BARNEKORET.
19.04.26	11.00	GUDSTENESTE.
14.05.26	12.00	KONFIRMASJON.
24.05.26	11.00	GUDSTENESTE 1. PINSEDAG.
14.06.26	11.00	GUDSTENESTE.

DAVIK KYRKJE:

25.12.25	12.00	JULEGUDSTENESTE.
25.01.26	14.00	GUDSTENESTE MED UTDELING AV 11-ÅRSBIBEL.
15.02.26	14.00	GUDSTENESTE.
08.03.26	11.00	GUDSTENESTE.
03.04.26	16.00	MUSIKKSTUND LANGFREDAG.
05.04.26	11.00	GUDSTENESTE 1. PÅSKEDAG.
26.04.26	11.00	GUDSTENESTE.
23.05.26	11.00	KONFIRMASJON.

MIDTGULEN KYRKJE:

26.12.26	12.00	GUDSTENESTE 2. JULEDAG.
18.01.26	11.00	GUDSTENESTE.
01.03.26	14.00	GUDSTENESTE.
06.04.26	11.00	GUDSTENESTE 2. PÅSKEDAG.
10.05.26	11.00	GUDSTENESTE.

RUGSUND KYRKJE

24.12.25	13.00	GUDSTENESTE JULAFTA.
01.02.26	11.00	GUDSTENESTE MED UTDELING AV 11-ÅRSBIBEL.
03.03.26	18.00	KVELDSGUDSTENESTE.
06.04.26	16.00	MUSIKKSTUND 2. PÅSKEDAG MED UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL.
25.05.26	11.00	KONFIRMASJON.
07.06.26	11.00	FELLESGUDSTENESTE HENNØYSTRANDA.

SVELGEN KAPELL

24.12.25	15.00	GUDSTENESTE JULAFTA.
25.01.26	11.00	GUDSTENESTE MED UTDELING AV 11-ÅRSBIBEL.
15.02.26	11.00	GUDSTENESTE.
01.03.26	14.00	TÅRNAGENTGUDSTENESTE
15.03.26	12.00	FELLESGUDSTENESTE.
29.03.26	11.00	GUDSTENESTE PALMESØNDAG MED FRUKOST. UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL.
19.04.26	14.00	GUDSTENESTE.
24.05.26	11.00	KONFIRMASJON.

ÅLFOTEN KYRKJE:

25.12.25	14.00	JULEGUDSTENESTE.
01.02.26	14.00	GUDSTENESTE MED UTDELING AV 11-ÅRSBIBEL.
01.03.26	11.00	GUDSTENESTE.
29.03.26	14.00	GUDSTENESTE PALMESØNDAG MED UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL.
19.04.26	11.00	GUDSTENESTE.
23.05.26	13.00	KONFIRMASJON.
14.06.26	12.00	FRILUFTSGUDSTENESTE MYKLEBUSTSÆTRA.

JULEKONSERTAR

Laurdag 29. november kl.17:00
Bremanger musikklag med solistar i Bremanger kyrkje.

Tradisjonelle julekonserter med korps, kor og solistar:

Laurdag 6. desember kl.17:00 Kleives jul i Frøya kyrkje.
Tradisjonelle julekonserter med korps, kor og solistar:
Laurdag 6. desember kl.16:00 i Rugsund kyrkje
Søndag 7. desember kl.17:00 i Davik kyrkje
Torsdag 11. desember kl.18:00 i Svelgen kapell
Søndag 14. desember kl.17:00 i Frøya kyrkje
Søndag 21. desember kl.17:00 i Bremanger kyrkje



Døpte



BERLE SOKN:

20.07.25 Olav Russenes Torvanger
24.08.25 Olivia Frøyen
12.10.25 Leah Førde Ytrøy

FRØYA SOKN:

13.07.25 Elsa Wang Gulestøl
13.07.25 Heidi Wang Gulestøl
13.07.25 Theo Ekerhovd-Langeland

DAVIK SOKN:

24.08.25 Gustav Heggen Bakke

MIDTGULEN SOKN:

08.06.25 Håvard Kjøsnes Solvang
08.06.25 Jon Leknesund Solheim
08.06.25 Birger Leknesund Solheim
19.07.25 Ella-Elise Nordal Orvang
21.09.25 Tuva Haugland
03.08.25 Ingvild Erlandsen Myrhol
(døpt i Tana kyrkje)

RUGSUND SOKN:

26.10.25 Lukas Øyvindsson Leirgulen

ÅLFOTEN SOKN:

21.08.25 Birk Øverås
19.10.25 Johannes Tombra

Gravlagde



BREMANGER SOKN:

06.08.25 Helge Sigmund Book f. 1931
08.06.25 Edvin Nygård f. 1954
19.08.25 Ragnhild Valborg G. Peters f. 1935

FRØYA SOKN:

25.09.25 Anna Margaret C. Leknesund f. 1938
31.10.25 Kirsti Mathilde Liseth f. 1940

DAVIK SOKN:

29.07.25 Reidun Kirsten Dombestein f. 1931
09.09.25 Bjørg Indredavik f. 1946

MIDTGULEN SOKN:

04.06.25 Kari Ann Rise f. 1950
08.08.25 Astrid Ulriksen Myklebust f. 1949
17.10.25 Henni Marie Førde f. 1946
22.10.25 Alv Inge Trædal f. 1946

RUGSUND SOKN:

15.08.25 Kjell Atle Nygård f. 1937
19.08.25 Kristoffer Hunskaar f. 1949
26.09.25 Hannah Villanger Lofnes f. 1930

ÅLFOTEN SOKN:

29.08.25 Øyvind Magne Refvik f. 1957

Vigde



MIDTGULEN SOKN:

19.07.25 Heidi Synnøve Orvang og
Ove Bjarte Nordal

Støtt
kyrkjebladet!
Vipps
696974



Juletreff i Kalvåg bedehus – 3.juledag 27.desember kl.1700.
Tradisjonsrik juletreff for små og store. Arrangør: soknerådet og bedehuset.



LÅNE DÅPSKJOLE?



Kyrkja har vore så heldig å få denne flotte dåpskjolen med tilbehør i gåve frå husfliden i Svelgen.

Dei som har behov for dåpskjole kan få låne denne mot at den bli rensa etter bruk.

Ta kontakt med kyrkjekontoret i Svelgen.

Namn • tid • stad

www.kyrkja.no/bremanger

SVELGEN KYRKJEKONTOR (rådhuset 1. etg.): Tlf. 916 10 469

Kyrkjeverje Bjarki Asgeir Hrafnsson – tlf. 917 06 595

bjarki.hrafnsson@bremanger.kommune.no

Bjarki Asgeir er tilgjengeleg på kyrkjekontoret i Svelgen måndag, tysdag og torsdag, og på kyrkjekontoret på Hauge onsdag og fredag.

Britt D. Mulelid, saksbehandlar/trusopplæring – tlf. 916 39 340

britt.mulelid@bremanger.kommune.no

Brunhilde Engelhardt, kontor – tlf. 47678867

bruniengelhardt@hotmail.com

BREMANGER KYRKJEKONTOR, HAUGE Grotleveggen 141

Dag Leirvik, sokneprest i Berle, Bremanger og Frøya – tlf. 917 32 150

dag.leirvik@bremanger.kommune.no

Jarle Grotle, kontor – tlf 917 31 723, **jarle.grotle@bremanger.kommune.no**

Johanne Nygård, kontormedarbeidar – tlf 908 05 835, onsdag og fredag kl. 09:00-12:00

johanne.nygard@bremanger.kommune.no

Elisabet Voll Ådnøy, kyrkjelydspedagog – tlf. 952 02 121

elisabet.adnoy@bremanger.kommune.no

KYRKJEBLADET FOR BREMANGER

Kasserar: Asbjørn Førde, 6727 Bremanger. **Ansvarleg redaktør:** Dag Leirvik

Redaksjonsmedarbeidarar: Johanne Nygård og Britt D. Mulelid. I tillegg har kvart sokneråd ein representant som er ansvarleg for å samle inn stoff til bladet frå eige sokn.


Utgjevar: Sokneråda i Bremanger. Økonomien er basert på frivillige gaver.

Bankgironummer: 3776.20.58139

Grafisk produksjon: E. Natvik Prenteverk, Florø

Du finn no «Kyrkjene i Bremanger» på Facebook!





HENNØYSTRANDA 7.JUNI 2026

FRILUFTSGUDSTENESTE SAMLING I SKULEHUSET kl.11.30.

Forfatter Sverre Stokke og prest Dag Leirvik blir med.

Friluftsgudsteneste eller samling i skulehuset.



Båt frå Smørhamn kl.10.00, Leirgulen kai kl.10.30 – retur frå kl.13.30 til Leirgulen kl.13.45, til Smørhamn kl.14.45.

Meir info kjem seinare i mai 2026 på Facebooksida kyrkjene i Bremanger. Påmelding båt – Svelgen kyrkjekontor v Britt Mulelid tlf. 916 10 469, eller britt.mulelid@bremanger.kommune.no

PRIS BÅT 150.- pr pers 300.- for familie.

Betales – Vipps 947500 til Rugsund sokn, merk betalinga: Båt Hennøystranda.

Frist for påmelding og betaling 2.juni 2026

Ta sjølv med termos og mat, og noko å sitte på/sitteunderlag.

Returadresse: Svelgen Kyrkjelydskontor, Rådhuset, 6723 Svelgen

Oppseiingar av Kyrkjebladet for Bremanger skal gå til:
Svelgen kyrkjekontor (Rådhuset 1. etg.), tlf. 916 10 469
britt.mulelid@bremanger.kommune.no